

HORNELEN - ny nasjonalpark?

Tore Larsen, SFVL



Statsforvaltaren i Vestland

31.3.2022



Supplerande vern

Statsforvaltarane fekk i 2018 i oppdrag frå Miljødirektoratet og Miljødepartementet å føreslå moglege nye verneområde for å fylle ut manglane i det noverande nettverket av verneområde i Noreg.

I dag er det mange naturtypar som manglar i eksisterande verneområde, og nokre regionar er også dårleg representerte.

Oppdraget er forankra i Stortinget si behandling av stortingsmelding 14 (2015-2016) *Natur for livet*.

Formålet med denne suppleringa er å bidra til å nå m.a. desse nasjonale måla for naturmangfold:

1. Ingen artar eller naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast
2. Eit representativt utval av norsk natur skal bli tatt vare på for komande generasjonar



Statsforvaltarane plukka ut kandidat område, m.a. med vekt på vurderingar gjort av Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) om manglande dekning av naturtypar i eksisterande verneområde.

Det blei vurdert om nasjonalpark eller landskapsvernområde kunne vere eigna verneform for nokre av kandidat områda.

Miljødirektoratet vurderte om lag 100 innspel om nye verneområde i Vestland fylke, med vekt på desse kriteria:

- Bidreg området til betre representasjon av ulike naturtypar i norske nasjonalparkar?
- Bidreg området til å sikre trua natur (artar og naturtypar)?
- Bidreg området til å motvirke negative effektar av klimaendringar?
- Er området viktig for verneområda sin funksjon som økologiske nettverk?

Tabell 5.2 Fordeling av udekket vernebehov pr fylke fra Østfold til Finnmark. Rød farge angir stort udekket vernebehov, gul middels og grønn lavt udekket vernebehov. O angir naturtyper som pga sterk tilbakegang, stor påvirkningsgrad, liten utbredelse og/eller store naturverdier bør overrepresenteres i vernesammenheng.

Naturtype / Fylke	Øst								Vest				Midt	Nord			Tot	
	Ø	OA	H	O	B	V	T	AA	VA	R	H	SF	MR	Tr	N	T		F
A04-palsmyr																		
A05-rikmyr (lavereliggende)																		
A06-kilde og kildebekk (lavereliggende)																		
A07-Intakt lavlandsmyr i innlandet (laverel.)																		
A08-kystmyr																		
B01-Sørvendt berg og rasmark																		
B02-Kantkratt																		
B03-Ultrabasiske og tungmetallrike berg i lavlandet																		
B04-Nordvendt kystberg og blokkmark																		
B05-Grotte/gruve																		
C-Kalkrike områder i fjellet																		
D01-Slåttemark																		
D02-Slåtte- og beitemyr (lavereliggende)																		
D04-Naturbeitemark																		
D05-Hagemark																		
D06-Beiteskog																		
D07-Kystlynghei																		
D12-Store gamle trær																		
D13-Parklandskap																		
D17-Løving																		
D18-Høstingsskog																		
E01-Deltaområde																		
E02-Mudderbank																		
E03-Kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti																		
E04-Stor elveør																		
E05-Fossesprøytsone																		
E06-Viktig bekkedrag																		
E07-Kalksjø																		
E08-Rik kulturlandskapssjø																		

Miljødirektoratet let 30 område i Vestland fylke sleppe gjennom utsilinga, inkludert både nye verneområde og utvidingar av eksisterande område. Tre nye nasjonalparkar blei føreslått:


«Gitt lokal aksept foreslås det at forslagene for følgende områder bør kunne utredes videre:»

- Hornelen i Bremanger kommune
- Masfjordfjella i Alver og Masfjorden kommunar
- Øystesefjella i Kvam, Samnanger og Vaksdal kommunar

(pluss endring av verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark for Ålfotbreen)

Statsforvaltaren føreslo i utgangspunktet Hornelen som landskapsvernområde fordi det er eit lite område, om lag 20 km² (Noregs minste nasjonalpark, Gutulia, er på 23 km²), men la til at nasjonalpark også kunne vere aktuell verneform.

Miljødirektoratet gjekk for det siste i si innmelding til departementet.





Naturkvalitetar i Hornelen-området

Kystnatur er sterkt underrepresentert i dei store verneområda, særleg i Sør-Noreg. Den vestlegaste nasjonalparken er Folgefonna NP, og nord for Jæren er det heller ingen store landskapsvernområde lenger vest enn Ålfotbreen LVO

Stor høgdegradient (0-889 m) i eit relativt urøyrkt kystområde

Stor naturvariasjon frå havnivå og varmekrevande artar i sørvendte berg til alpin flora. Stadvis finst både varmekrevande og alpine artar saman. Funn av nokre raudlista artar (men lite undersøkt). Spor etter tidlegare slått og beiting i nedre delar mot sjøen, både i form av naturtypar og artar

Særprega fjellformasjonar og stor landskapsverdi. Bremangerlandet er del av den uvanlege naturforma platåkyst («næringskyst») som i Noreg finst på nordvestlandet og i Finnmark

Devonsk sandstein og konglomerat, tidlegare havbotn («Hornelen devonfelt»)

Del av ei kjede av større verneområde sør for Nordfjorden, frå kysten og inn mot sentrale fjellområde





Kva har skjedd så langt?



Våren 2022 blei tanken om nasjonalpark på Hornelen-halvøya lagt fram for leiinga i Bremanger kommune.

Presentasjon for kommunestyret i juni 2022.

Etter dette har arbeidet i stor grad lege på is mens vi har venta på korleis planane for ein via ferrata til Hornelen ville utvikle seg.

Dei første utformingane var enkle, og i diskusjon med Miljødirektoratet blei det konkludert med at dei ikkje ville vere i konflikt med status som nasjonalpark. Men da arbeidet på via ferrataen skulle til å begynne, hadde planane blitt betydeleg utvida.

Via ferrata:



Etter dei første undersøkingane av mogleg rute for via Ferrata, har planane blitt utvida i nedre del. Miljødirektoratet vurderer at ei enkel via ferrata - rute i øvre del (raudt) ikkje treng vere til hinder for nasjonalparkstaus, mens installasjonane i nedre del (plankestiar, trapp, sittebenkar, gapahuk, toalett) er for omfattande.



Kva betyr vern reint praktisk?

§ 35 i naturmangfaldlova:

*Som **nasjonalpark** kan vernes større naturområder som inneholder særegne eller representative økosystemer eller landskap og som er uten tyngre naturinngrep.*

I nasjonalparker skal ingen varig påvirkning av naturmiljø eller kulturminner finne sted, med mindre slik påvirkning er en forutsetning for å ivareta verneformålet.

Forskriften skal verne landskapet med planter, dyr, geologiske forekomster og kulturminner mot utbygging, anlegg, forurensning og annen aktivitet som kan skade formålet med vernet, og sikre en uforstyrret opplevelse av naturen. Ferdsel til fots i samsvar med friluftslovens regler er tillatt. Slik ferdsel kan bare begrenses eller forbys i avgrensede områder i en nasjonalpark, og bare dersom det er nødvendig for å bevare planter eller dyr, kulturminner eller geologiske forekomster.

Utkast til forvaltningsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket. Der det også er aktuelt med skjøtselsplan, skal den inngå i forvaltningsplanen.



Kva betyr vern reint praktisk?

Første punkt i § 35 betyr at grensene for ein nasjonalpark går slik at ein unngår busette område og område med inngrep og teknisk tilrettelegging.

Kvar grensa går for inngrep og tiltak er det vanskeleg å definere eksakt. Det er rimeleg klart at t.d. vegar, kraftlinjer og innmark i utgangspunktet er å rekne som «tyngre tekniske inngrep», og ikkje bør inngå i ein nasjonalpark, mens fokuset på kulturminne i andre ledd gjer at t.d. stiar, driftevegar og stølar er akseptabelt.

Dette er også noko av bakgrunnen for at nasjonalparkar har verneforskrifter som opnar for å gi løyve til enkle tilretteleggingstiltak i form av bruer over elver, kloppar over myr, og steinsetting av stiar i bratt terreng der terrengslitasje elles vil kunne bli eit problem.

Noverande aktivitetar kan vidareførast.

Jakt og fiske kan halde fram som før.



Døme på mogleg avgrensing av ein nasjonalpark